

# Kva skjer med oppdrettsslaksen sitt avkom i naturen?



**Figur 1.** Då smolten kom fram til smoltfella fekk han eit kort opphold på feltstasjonen for avlevering av "persondata": utvandringsdato, lengde, vekt og DNA til familietesting.

Titusenvis av rømte oppdrettsslaks finn kvart år vegen opp i gyteområda til ville laksebestandar for å gyta. Gjennom ti laksegenerasjonar har oppdrettsslaks blitt selektert for "husdyrkvalitetar" og er difor ulik villaksen i fleire arvelege eigenskapar. Kva skjer når avkom av desse husdyra klekker i elva og skal konkurrera med villaks?

ØYSTEIN SKALA<sup>1</sup> | oystein.skaala@imr.no, KEVIN A. GLOVER<sup>1</sup>, TERJE SVÅSAND<sup>1</sup>,  
FRANCOIS BESNIER<sup>1</sup>, MICHAEL M. HANSEN<sup>1</sup>, BJØRN T. BARLAUP<sup>2</sup> og REIDAR BORGSTRØM<sup>3</sup>  
1. Havforskningsinstituttet, 2. Uni Miljø, 3. Universitetet for miljø og biovitskap

For å betra kunnskapsnivået på dette området gjennomførte forskarar frå Havforskningsinstituttet saman med kollegar frå andre institusjonar det aller fyrste feltforsøket nokon gong der vi gjekk heilt ned på familienivå hos fisken.

## Resultat frå feltforsøk er viktig

I Regjeringa sin strategi for ei miljømessig berekraftig havbruksnæring heiter det at havbruk ikkje skal bidra til varige endringer i dei genetiske eigenskapane til vill-fiskbestandane. For å undersøkja korleis det går med avkomet til oppdrettsslaks i naturen, gjennomførte vi eit eksperimentelt feltforsøk ved Havforskningsinstituttet sin feltstasjon i Rosendal. Slike studiar i naturlege miljø er krevjande og difor ei sjeldan vare. Likevel er dei eit viktig supplement til modellstudiar og laboratorieforsøk, akkurat fordi dyra er observerte

i sitt naturlege element. Ein føresetnad for å gjennomføra slike undersøkingar er fasilitetar som muleggjer god kontroll og representativ innsamling av forsøksdyra, og det er difor svært få stader slike feltundersøkingar kan gjennomførast. Ein av dei er Guddalselva, der fiskefellene (figur 1) sikrar god kontroll med fiskebestandane sine vandringer, og dessutan gjer det mogeleg å ta representative uttak av prøvar frå utvandrande laksesmolt.

Målet med forsøket var å samanlikna arvelege skilnadar i overleving, alder, tidspunkt og storleik ved smoltifisering og diettval hos familiar av oppdrettsslaks, villaks og kryssingar mellom desse. Sidan rømt oppdrettsslaks ofte har låg gytesuksess samanlikna med villaks, starta vi forsøket med upplanting av eit kjent tal på augerogn, slik at ikkje ulik gytesuksess som følgje av miljøeffektar skulle skapa støy i

resultata. På ettervinteren i 2003, 2004 og 2005 vart det planta ut 205 266 augerogn frå 69 laksefamiliar ovanfor smoltfella, der nokre var reine oppdrettsfamiliar og nokre reine villaksfamiliar. Fordi gytesuksessen til oppdrettshannar ofte er svært låg samanlikna med villhannane, og oppdrettshoene har betre gytesuksess enn hannane, vil dei fleste hybridar i naturen vera avkom av ei oppdrettsmor og ein vill far. Kryssingane mellom oppdrettsslaks og villaks vart difor laga med oppdrettsmor og vill far.

## Familievariasjonen i overleving gav ny innsikt

Overlevinga av augerogna fram til plommesekkstadiet var svært god i alle tre årsklassane. Alt våren 2005 vart dei fyrste lakseungane smolt, og på veg ned mot Hardangerfjorden fekk alle individua eit

kort opphold på feltstasjonen der dei vart lengdemålte og vegde, og ein liten finnebit vart sikra til ekstraksjon av DNA og foreldretesting. Deretter vart dei slusa varsamt ned i eit kar for "recovery", før dei tok fatt på den lange og farefulle vandringa mot Norskehavet. DNA frå smolten blei ekstrahert i laboratoriet i Bergen og individua identifiserte til familien dei tilhøyrte.


Etter fem år med prøvetaking av totalt 3845 smolt, vart alle data oppsummerte. Det som overraska mest, var den store variasjonen i overleving mellom familiarar av oppdrettslaks, der nokre av oppdrettsfamiliane hadde svært høg overleving. Dessutan hadde hybridane med oppdrettsmor om lag same overleving som villaksen. Sidan den observerte overlevinga varierte mykje mellom familiarar (figur 2), vart det utvikla ein statistisk modell for å beskriva variasjonen ut frå dei tilgjengelige parametrane. Denne viste at eggstorleik hadde stor innverknad på overlevinga fram til smolt. Kanskje ikkje så uventa, men at vi kunne visa dette konkret og på familienivå, var nok i overkant av kva vi tenkte i utgangspunktet. I dette konkrete forsøket var foreldra til oppdrettsfamiliane svært mykje større (12–14 kg) enn foreldra til villaksen (~4 kg). Denne miljøeffekten kamuflerte den reelle genetiske skilnaden mellom gruppene, og ved fyrste augekast såg det difor ut til å berre vera små skilnader mellom avkom av rømt og vill laks. For å vera trygge på at modellen ikkje lurte oss, samanlikna vi også halvsøskensfamiliar. Det vil seie at frå eit antal oppdretts-hoer delte vi rogna frå kvar ho i to, og befrukta den eine halvdelen med mjelke frå oppdrettsfar og den andre med mjelke frå ein vill far.

I 15 av dei 17 samanlikningane vi gjorde, hadde halvsøskensfamiliane som var avkom av vill far, høgare overleving enn halvsøskena der begge foreldra var oppdrettslaks (figur 3).


Eggstorleik er påverka av både arv og miljø. Stor fisk har størst egg. Samstundes er det dokumentert at domestisering hos fisk medfører redusert eggstorleik. Sidan eggstorleik varierer mykje både hos oppdrettslaks og hos villaks, viser forsøket at det vil vera svært vanskeleg å spå utfallet av imigrasjon av rømt laks i eit gitt tilfelle i eit vassdrag.

#### Næringskonkurranse gir redusert produksjon av villsmolt

I elvar er det avgrensa tilgang på næring, og overlevinga er avhengig



Figur 2. Prosent overleving frå augerogn til smolt for alle 69 familiene.  
Raud: oppdrettslaks, lyseblå: hybridar og mørkeblå: villaks. Cohort = årsklasse.



Figur 3. Overleving hos familiene utplanta i 2004 og 2005, med samanlikning av overleving hos halvsøskensfamiliar med same mor (oppdrettslaks) og anten oppdrettsfar eller vill far. Raud: oppdrettsfar, blå: vill far.

av tettleiken av fisk. I forsøket i Gudalselva var vi også interesserte i å sjå om tettleik av fiskeungar i elva påverka den relative konkurranseevnem mellom oppdrettslaks, hybridar og villaks. Det gjorde vi ved å auka mengda utplanta augerogn i kvar årsklasse. I praksis medførte dette at tettleiken av yngel auka for kvar årsklasse, men samstundes fekk også kvar ny årsklasse ein årsklasse med eldre laksungar å forholda seg til, i tillegg til aurebestanden i elva. Både større laksungar og aure har små laksyngel på menyen, så å stikka hovudet opp av grusen når plommesekken er oppbrukt, er risikabelt. Vi fann at overlevinga hos oppdrettslaksen samanlikna med hybride halvsøskengrupper med vill far, avtok med aukande tettleik av fisk i habitatet, frå 0,86 i årsklasse 2004 til 0,62 i årsklasse 2005. Det tyder på ulik konkurranseevne og at di høgare tettleiken av vill laks er i ei elv, di lågare blir overlevinga til avkomet av rømt laks.

Det var også svært stor variasjon mellom familiene i storlek ved same alder, og i totalmaterialet var smolten med oppdrettsforeldre ca. eitt gram større enn hybridane, som igjen var ca. eitt gram større enn villsmolten. Vi såg òg at avkomet av oppdretts-laksen hadde det travelt med å koma seg ut av elva om våren. Innafor eit gitt år var avkomet av oppdrettslaks i gjennomsnitt tidlegare på fella enn både hybridar og villaks. Dei vanlegaste bytedyra til laksungane i elva er døgn-, vår- og steinfluger og dessutan fjørmygg og knott. Det var ikkje noko som tyda på at oppdrettslaks og villaks har ulik preferanse for mat, og det var fullt overlapp i diettvalet. I dei fleste vassdraga er mattilgangen avgrensa. Dermed vil avkomet av oppdrettslaks konkurrera med villaksen om den same maten, noko som vil medføra ein reduksjon i produksjonen av vill laksesmolt.